

Edvard R. Hole og familien bodde på Skodje på Gnr. 59 Storsæter - 1920 – 1923

Elisa Hole døde her 10. Mai 1921 - Gravlagt 17. Mai 1921

Inga Mathilde Hole blei konfirmert i Skodje kyrkje 8.okt. 1922

Her er utsnitt frå Skodje bygdebok Bind II

Gnr. 59 – Storsæter

Gml.matr.nr. 14. Gml.skyld 1½ vog fisk.

Saman med Øye er dette det ein kan kalle fjellgard. Den ligg i eit lite dalføre som tek austetter frå Engeset. Tuna er plasserte langs etter bakkeskråninga ovanfor den djupe elvadalen – husa på br.nr. 2 ligg på ein flat voll ikkje langt frå den bratte elvebakken.

Bytet mellom Øye og Storsæter si innmark ligg i aust, elles er innmarka omringa av utmarksteigane til Store – og Lille Engeset i sør og vest. Garden si utmark tek til nordom bøgjerdet. Fjellet sør for Vardetua og Frostadtinden er bytt i teigar der Store Engeset, Storsæter og Øye eig til bytet mot Fylling og Romsdalsgrensa i sør og aust.

Har vore skrive Setteren og Setter. Som namnet tilseier har staden truleg frå først av vore nytta til seter, og då av oppsitarane på Store Engeset i første rekkje.

Jorda er steinfull og tildels grunn.

Det fell lett å tru at jordene vest for tunet på br.nr. 2 var der ein rydningsmann først ville ta til. Det ligg høgt og fritt med utsyn over bygda, øyane og havet vesti. I dette området stod tidlegare også husa som høyrde til bygslaren på br.nr. 1.

Innimellom ser det ut til at garden har lege øyde.

Då kvegskatten vart utskriven i 1658 for

Olle 1 hest, 1 okse, 16 kyr, 10 geiter, 16 sauer.

Rasmus for 1 hest, 2 okser, 17 kyr, 12 geiter, 16 sauer.

Til samanlikning kan nemnast at Store Engeset, ein av dei største gardane i soknet, på den tid fødte 56 kyr.

Matrikkelen frå 1667 viser at der var 2 som brukte, dei hausta 25 t. korn og fore 32 kyr og 2 hestar. I tiend kan dei legge 2½ t. havre ½ v. ost. Brenneved hadde dei til eige bruk. Til leidangen 4 kalvskinn. Skattegrunnlag for 2 v. fisk.

Det er nesten eit utruleg tal krøter som er ført i matrikkelen, på ein gard med ei skyld på 2 v. Årsaka til dette må vere at dei gode beitemarkene har vore tungtvegande for verdsetinga.

Frå matr.framlegget 1723 tek vi med: Oppsitarane er Povel og Peder.



Frå sølvrefarmen til Ivar Storsæter.

Garden tungtbrukt og svært uviss til korn. Brenneved til eige bruk. Har ikkje kvern, heller ikkje har noko kvern vore brukt siste 20 åra. Sår $6\frac{1}{2}$ t. havre, haustar 20 t. Forar 2 hestar, 16 kyr, 8 ungdyr, 11 sauer, 13 geiter.

Dette ga ei skyld på $1\frac{1}{2}$ v. I høve til 1667 vart garden verdsett lågare – og kanskje meir realistisk – ved denne matrikuleringa.

Utsifting i 1856.

I lang tid føre det kom fast busetnad kan t.d. veidemann hatt tilhald her. Dei eldste førtidsfunna i bygda er gjorde på Storsætra. På høgda sør-aust for løa til br.nr. 1 og nedfor vegen framanfor løa er funne m.a. ei steinøks, spydspissar og brot av leirkrukker. Så fara etter folk er gamle her på staden.

I Aslak Bolt si jordebok er garden nemd 1432–1449 og låg under «Pæders kierkesokn i Borgund». Landsskylda vart då utrekna i månadsmatbol, over 3 ma.ma. for Storsæter.

Sola er ikkje borte så lenge som i Øye, fordi garden ligg høgare. Til kornavl var den rekna for å vere betre enn grannegarden, men sjølv sagt ikkje av dei beste. Sånaden ga ikkje så mange foll som på gardane nede i bygda. Såpass høgt til fjells kjem våren seinare og ein merkar tidlegare haustkulda.

Garden har andre føremuner og i eldre tid var det mange som ville ha rettar her, ikkje minst for hamnegangane si skuld. Gjennom lang tid var det vanleg å ta mot beitedyr frå andre bygdelag, nå for tida leiger folk berre hamn til sauer.

Råderetten til prestebolet i Borgund er av gammalt opphav. Borgundprestane heldt jamnast mange dyr, men hadde smått med beite til dei, det måtte dei leige. På 1700 talet sende dei buskapen sin på sommarbeite i Store Engeset og Storsæter sine utmarker. Kring 1800 sette presten opp ... «sæterstue og fjøs til nogle og 20 kreaturer.» For hamninga måtte han betale 12 sk. for kvart dyr. Tuftene etter seterhusa åt Borgundprestane var synlege inntil for få år sidan, dei stod oppe på bakken nord for vegen framom tunet på br.nr. 1.

Så vel tykte presten om garden at han i 1832 søkte om å få legge halve Storsæter under prestegarden, eller få kjøpe den privat, men dette vart avvist. Vedaskog hadde heller ikkje prestegarden i eiga utmark. Presten hadde rett til noko brensel i samband med beiteretten på Store Engeset og Storsæter, men å frakte veden til Borgund vart for dyrt så dei kjøpte heller ved i bygda.

Garden er ikkje lett driven sett under eitt. Bømarka ligg tildels i bratt lende – lettast i så måte er det på br.nr. 2. Den tida dei dreiv småhøyslått i elvadalen var det tungt nok for alle å få høyet til gards derfrå. Gardsvegen frå bygda er lang – og har alltid vore brysam, særleg om ein tenkjer på tida før der kom brukande køyreveg. Skuleborna frå dei to gardane lengst aust i bygda fekk røyne seg vintersdag på den omlag 4 km lange vegen til skulen.

Skikk på vegtilhøva vart det i 1875 då oppsitarane gjorde avtale med Store Engeset om veg derfrå til Storsæter. 2 år etter var vegen ferdig – den solide kvelvingsbrua (Saghaubrua) var Peter P. Ekroll meister for. Vedlikehaldet av vegen har kommunen teke over, den er utbetra fleire gonger og fast dekke er lagt. For ikkje så svært mange åra sidan måtte ein gjennom 5 grindar på denne vegstubben frå Saghaubrua og til utmarksgarden ovanfor Storsætra.

Kvernene deira stod i dalen ved Engesetelva, dei var ikkje brukte i 1723 og heller ikkje dei siste 20 åra, heiter det. Om dei var borte då og vart oppattbygde seinare er ikkje godt å vite.

Seter har garden aldri hatt trong om, då fjellbeita ligg inntil bøen, derimot eigde dei sommarfjøsar som stod oppe ved utmarksgarden. Til jul 1947 fekk gardane Øye og Storsæter elektrisk kraft.

Eit fordyrkarlag med bønder frå Engesetdal og Skodje planlagde i

1982 å dyrke eit område på omlag 300 mål austfor Engesetsetra. Området ligg i fellesbeitet til Engeset/Storsæter/Øye.

Peder Fylling fortel i sine Folkesagn om tvistemål som gjeld bruken av garden, mellom oppsitarane på Store Engeset og brukaren på Storsæter, Lars Christensen (1714–1785).

Han skriv at etter hungersåret 1741 var det mange gardar i Skodje som låg øyde og utilsådde. Andre makta ikkje å svare korkje skatt eller landskyld. «Således ved sagnet at fortelle at tilfellet var med gården Storsæther en fjeldgård høit oppe fra de andre gårde i Engesethdalen.» Medan Storsæter var i herrelaus tilstand hadde oppsitarane på Store Engeset teke i bruk halvparten av garden sine enger, uten å betale skatt eller landskyld til prestebølet i Borgund. Dette varde til kring 1780. Lars Christensen som bygsla andre halva kravde å få ta heile garden i bruk, då det heitte seg at eine gardhalva låg øyde. Dette likte slett ikkje brukarane på Store Engeset.

«Deres uartigheder mod Lars grendsede af og til grovheder med hån og spot.»

Ein gong hadde dei ureint i brynnen hans, ved eit anna høve la dei eit daudt bukkekje i fløytekjerna til Lars. Han klaga si naud til prost Baade i Borgund då han tykte det gjekk for vidt. Han fekk hjelp av prosten – og Lars må ha vore ein drivande brukar, for ikkje berre fekk han bygsle heile garden – som løn og påskjøning frå det offentlege . . . «beæret af det Trondhjemske Videnskapselskap med Kronprinsens store sølvmedalje, ledsaget med et trygt patent.» P.F. hadde sjølv sett desse utmerkingane.

Det P.F. her skriv om er nok rett, for i 1777 vart det handsama ei sak mellom oppsitarane på Store Engeset og Storsæter vedkomande bruken av øydegarden Storsæteren av skyld 1 v. (Justisprot. 24 bl.54, 139 b.)

I bakken nordanfor tunet på br.nr. 1 står endå eit gammalt hus. Det var eingong stova på husmannsplassen Teinhaugen, Fylling som Johan Storsæter kjøpte og flytte dit. Den vart nytta til sommarfjøs, men det er lenge sidan den var i bruk.

Berre br.nr. 1 driv nemnande jorda nå, der har dei utvida drifta siste åra. På br.nr. 2 har dei fora sauer siste åra. På dei andre bruka er det andre som haustar avlinga.

Eigarar

Garden har høyrte inn under Borgund kyrkjegods så langt attende som vi finn. I 1647 er det «Presten til Borgenn» som eig og bygg, det same

fortel jordeboka frå 1661. Den første sjølveigaren måtte også svare avgift til Borgundpresten og gi løyve til hamning av dyra hans (1849).

Brukarar

Løpenr. 33, gml. skyld 2 våger fisk, ny skyld 2 dlr. 3 ort 12 sk.

Busetninga på denne garden har vore noko skiftande til fram mot midten av 1700 talet. Garden var udelt til året 1856. For det meste har det site 2 brukarar. Ein kan ikkje med visse seie kva som var hovudbruket.

1. *Peder Sæmundsen Sætheren* er den første vi finn av brukarane. I 1611 vart han rusta ut til Kalmarkrigen av Einar Echroll og Knud Engsett. Kan hende fekk han nokon i sin stad på garden med han sjølv var borte, for året etter er

2. *Knud Sætteren* ført i lista for leiglendingsskatten – 1612.

3. *Peder Sætteren*, truleg er dette den same som brukar nr. 1. 1624 legg han leiglendingsskatt. Manntalet frå 1628 har med Peder Andersen. Skylda på garden var då 1½ v.

4 A. *Rasmus* brukte i 1647 3 mel. og skatten var 3 mk. Sonen Alf er oppgitt å vere 77 år i 1666, men dette må vere feil. Rettare var kanskje det som blir opplyst i 1704. Etter det var han fødd i 1635.

4 B. *Olluf (Olle)* var på garden saman med Rasmus og brukte likt med han og skatta det same. 1661 la dei 1 rdl. i skatt, garden har «ingen lunder til», namnet var då skrive Olle, men igjen Oluff i 1666. Det året var han 65 år og må såleis vere fødd omlag 1601. Truleg hadde han desse borna:

a) Størker f. ca. 1640.

b) Nils f. ca. 1642. Neste brukar.

c) Peder. I 1704 var han oppgitt å vere krøpling og 70 år gammal, men då han døydde i 1714 heime hjå broren Nils, var alderen 68 år.

c) Kari f. ca. 1649.

d) Eli f. ca. 1660.

Vi er ikkje sikre på om dei to siste var av denne søskenflokk. Ei av dei kan ha vore kona til Nils som var ein av brukarane etter far sin.

Son til Rasmus (4a) brukar halve garden saman med han i desse åra og tok vel over faren sin del då han døydde.

4 C. *Alf Rasmussen* f. ca. 1635–1706, g. med N.N. Var på bruket til 1704.

Born:

- a) Rasmus f. ca. 1680. Tente hjå sorenskrivar Henning Thygesen Castberg i 1704, var då 23 år.
- b) Lars f. ca. 1683. Han var 19 år i 1704 og tente hjå Erik Westre. Seinare slo han seg ned på br.nr. 2 Vasstrand, Spjelkavik, g. med enkja Mari Knudsdtr. G.2.g. 1721 med Eli Johansdtr., g.3.g med Anne Paulsdtr. Reiakvam i 1727.
- c) Amund f. ca. 1688. 13 år gammal i 1704 og heimeverande.
- d) Ingeborg f. ca. 1693. Døydde 7 år gammal.
- e) Knud f. ca. 1697. Truleg død kring 1706.
- f) Alf f. 1700. Må vere død før 1704.

1706 ved skifte etter enkjemann Alf Rasmussen er nemde forutan borna ovanfor: To med namnet Birte, ei 28 år og den andre 23 år gammal, dessutan 7 år gamle Maritte. Ingeborg og Alf var døde. Formua utgjorde 67 rdl. 3 ort 4 sk., men gjelda var endå større. Dette vart slutten for desse folka og deira tilhald på Storsæter.

Som nemt brukte Alf garden ei tid saman med faren og Oluff.

Jord- og leiglendingsskatten av 1680 vart utreidd av Olle og Alf med tilsaman 3 rdl. Kvar brukte 4 mel.

5A. *Nils Olsen (Oluffsen)* f. ca. 1642. Han var 61 år i 1704, ugift og heldt ikkje tenarar, men den vanføre bror hans budde hjå han. Nils Olsen Store Sætter hadde i 1711 «1 gammel Pige som og gives løn hvert ½ år 3 ort.» Han la 1 ort til ekstraskatten. Dermed er dei ikkje meir å finne der på garden. (enkjem. i 1711)

5B. *Peder Halvorsen Sætteren* f. ca. 1669–1729, g. med *Marte Larsdtr.*

Born:

- a) Ole f. 1709.
- b) Anne f. 1711. 8 år gammal døydde ho.

Peder betalte 1 ort til ekstraskatten i 1711, hadde då «1 liden Tøs som hvert 1/2 år gives løn 3 ort. Skoskatten same året: «Peder og «kvinde» 18 sk., 1 Pige årlig løn 1 rdl. 16 sk. Det er svært truleg at enkja etter Peder, Marte Larsdtr., gifte seg oppatt med den neste brukaren.

6. *Povel (Pål)* f. 1678–1732, g. med *Marte Larsdtr.*

Born:

- a) Anne f. 1729. Døydde same året.
- b) Anne f. 1732. Namna på dei to døtrene deira tyder på at det er Marte si dotter med Peder som er kalla oppatt, og syner tydeleg nok at ho første gongen var gift med Peder.

Marte gifte seg også ein 3.g. same året som Povel døydde, ho ekta då Erik Sjursen Walgiermo, og flytte mest sannsynleg til Ørskog. Etter få år kom nye folk til.

I 1724 skatta garden av 1½ våg, dette var ei ½ våg mindre enn året 1667. I matrikkelen heiter det også at garden er «Tungvunden og meget uviss til korn.» Brenneved hadde dei berre til eige bruk. Kvern hadde der ikkje vore i bruk på ein 20 års tid – altså var der kvernbruk tidlegare.

7. *Iver Arnesen Storsæter*, g. med *Ragnhild Knudsdtr.* f. ca. 1710–1739. Medan dei budde på Storsæter vart desse borna fødde:

- a) Mari f. 1733.
- b) Amund f. 1734.
- c) Peder f. 1737.
- d) Siri f. 1778.

Meir veit vi ikkje om denne huslyden.

8. *Jon Iversen Frøysa*, kven kona hans var har vi ikkje funne.

Borna dei bar til dåpen i Skodje kyrkje var:

- a) Iver f. 1743. Døydde same året.
- b) Jon f. 1744.
- c) Ole f. 1746.
- d) Ellef f. 1748.

Jon og huslyden hans vart berre omlag 8 år på garden. Seinare flytte han til Tomra i Romsdalen, medan broren Ingebrigt Iversen Brune kom til

Stor Engeset etter å ha budd i Brune først. Eit skøyte frå 1745 viser at dei to var frå Sunnylvn – det året fekk bror deira, Torstein Iversen Frøysa, skøyte på farsgarden frå dei.

9. *Lars Christensen Stadheim*, Sunnylvn f. 1714–1785, g. med Randi Nilsdtr. Langelandshaug f. 1722–1799.

Born:


- a) Nils f. 1750. G. med Marte Olsdtr. Gåseide og busett på Laurentsejære, Gåseid.
- b) Brite f. 1752. G. 1783 med Ole Larsen Stige gnr. 68.
- c) Ananias f. 1754. Neste brukar.
- d) Christen f. 1756. G. med enkja Marte Knudsdtr. Åse og budde på Åse.
- e) Synneve f. 1758. Døydde 1 år gammal.
- f) Synneve f. 1760. G. 1800 med Erik Knudsen Os, Vatne. Busette på Tennøy.
- g) Ingeborg f. 1764. Konfirmert 1781.
- h) Ole f. 1768. Gift til Lille-Engeset, Nerigar.

I nærpå 40 år sat Lars som brukar, han fekk bygsel på garden av soknepresten i Borgund året 1748. Han var av etterkomarane til Austen – ætta, Sunnylvn, og skulle vere ein velstående mann. I følgje manntallet frå 1762 brukte Lars Storsætra åleine. I 1778 står han på premielista til Søndmøre Landhusholdningsselskap. Han fekk 10 rdl. for «at ha bygget Fehuse av Sten.» Det må vere dei «fehusa» som står murane att av ved utmarksgarden nordom bøen. 1779 vart han premiørt for «akerbrud», 4 rdl. Ein driftig kar som arbeidde garden opp. Skiftet etter han i 1785 ga til deling ein arv på 89 rdl. 6 ort 3 sk. Han brukte halve garden som tilsvara 1 v.

10. *Ananias Larsen Storsæter* f. 1754–1815, g. 1784 med *Siri Asbjørnsdtr.* Erstad gnr. 67 f. 1762–1848.

Born:

- a) b) Tvillingane Gunder Kristoffer og Randi f. 1784. Gunder g. med Malene Larsdtr. Molvær. Budde i Molværsmyr. Randi g. 1808 med Ole Leonardsen, Ålesund. Brukte ein plass ved Ålesundet, men flytte 1829 til Haram. Mannen døydde like etter og Randi g.2.g. med Lambert Jonsen Luth, Larsgård. Busette seg då på Molvær.
- c) Lars f. 1788. Neste brukar.



Storsæter br.nr. 1. (Foto: L.G. -84.)

- d) Anne f. 1790. G. med Stener Stenersen Nedre Skodje. Flytte til Havnen i Borgund.
- e) Ragnhild f. 1793. G. med Bernt Nilsen Abelset, Ørskog.
- f) Asbjørn f. 1795. G. med Olave Andersdtr. Sjøholt. Først brukarar i Beite, flytte seinare til Kasnesstrand.
- g) Ingeborg f. 1799. Gift til Skodjebøen.
- h) Anders f. 1802–1851. G. 1836 med Marta Torine Knutsd. Brunstad f. 1793–1874. Første br. av Ystebakken, Erstad i Sykkylven.

Ananias brukte også garden åleine og i 1802 var skylda igjen 2 våger. Av korn sådde han 5 t. og avla fire gonger så mykje, forå 13 storkveg, 30 småkveg og 1 hest. Skog og beite til liks med Øye, men matrikkelen held fram at tilhøva er betre til «agerland som giver ofttest modent korn.» Ananias dreiv garden med 6 arbeidsfolk. 1808 forå han slik buskap, 1 hest, 7 kyr, 1 okse, 4 ungdyr, 10 sauer, 8 geiter.

11. *Lars Ananiassen Storsæter* f. 1788–, g. 1821 med *Helge (Helga) Bottolfsdtr. Apalset*, Ørskog f. 1800–

Born:

- a) *Lars Annanias* f. 1822–1858. Døydde ugift i Honningdalsnes.

- b) Bernt f. 1823. Neste brukar.
- c) Olave Marie f. 1825. Vart kalla Maret – gift til Fremmerlid.
- d) Peter Gregorius f. 1828. Gift til Indre Ekroll, Danielgaren.
- e) Andrine f. 1834. G. 1870 med enkjem. Knut Arntsen Tomren, Tomrefjord.

Lars hadde hug til noko meir enn gardsbruk, såleis skal han ha vore skulelærer, m.a. på Hessa og Nørvøy. Av presten Baade i Borgund fekk han bygselsetel i 1816 med kår til mora, Siri Asbjørnsdtr. Men det var enkja etter han, Helge Bottolfsdtr., som løyste ut garden til eige i 1849 ved Kongeleg skøyte for 400 spd. Det måtte endå svarast årleg jordavgift til Borgundpresten og prestegarden hadde rett til hamning i utmarka mot betaling av 12 sk. for kvar «smale» årleg.

12. *Bernt Larsen Storsæter* f. 1823–1901, g. 1852 med *Marte Katrine Knudsdtr. Lie*, Ørskog f. 1827–1899.

Born med dei budde på Storsæter:

- a) Jens Lars Severin f. 1853, vart buande i Nesna.
- b) Lars Elias Britanus f. 1855. G. med Jartrud Anna Fuglset og busette på Langneset, Tomrefjord.
- c) Lovise Anna Helene f. 1858. G. med Lars Bastiansen Fiksdalsstrand (Bastian – Lars). Budde på Frostadlangneset.
- d) Knut Elias f. 1860. Gift til Molde der han ennå har slekt etter seg.
- e) Johan Andreas Rasmus f. 1863. Døydde berre 2 år gammal.
- f) Iver Johanne f. 1867. G. 1892 med Beret Hansdtr. Fiksdal. Hadde heimegarden på Mjelteneaset, Fiksdalsstrand.

1850 fekk Bernt skøyte frå mor si for 300 spd. med kår. Etter denne tid vart det visse omveltingar i eigartilhøva. 6 år frå han tok over delte han garden og ga skøyte til Knud Pedersen Nordang på eine halvparten, br.nr. 2, for 300 spd. Skyld 1 dl. 1 ort 9 sk. Attverande skyld på hovudbruket 1 dl. 2 ort 3 sk. 1867 delte han jordparten sin endå ein gong og selde halve til Ole Andersen Jarnes for 350 spd. påhefta kår. Unnateke handelen var Jakobs plass (Plassen) og Digmyrsjøere og ein teig i Storlia. Same dato skøytt Bernt over til Ingebrigt Olsen Åsen andre halva for 400 spd. og med kår.

Endå var ikkje gardhandelen til ende. Framleis på same dato selde Ole Andersen Jarnes sin halvpart vidare til Ingebrigt Olsen Åsen for 486 ½ spd. Ole Andersen tente såleis 36 ½ spd på denne handelen.

Dei to gardpartane som utgjorde halve av Storsæter var dermed blitt eitt bruk att.

Om det var forretningstrong eller av andre grunnar Bernt stykka opp garden og selde den slik er uvisst – i alle høve gjorde han jordvegen sin om i pengar, og ein skulle tru at han var ein velhalden mann etter salet. Same året som han overlet garden gjorde han fiksdaling av seg. Med huslyden og dei gamle foreldra sine flytte han til Frostalangneset i Tomrefjord. 3–4 år etter kjøpte, eller bytte han til seg Mjelteneset på Fiksdalsstrand. I følgje O. R. eigde Bernt ein gard i Julsundet og bytte den bort mot å få Mjelteneset i staden. På sin nye heimstad vart han kalla «Storsæter – Bern». Han og Marte fekk 3 born etter at dei kom til Fiksal. Faren, Lars, døydde på Frostad i Tomrefjord, Helga, mor hans, levde sine siste dagar på Mjelteneset.

I 1887, 20 år etter at dei flytte, hadde Bernt endå kår unna Storsæter. Det året overdrog han desse kårtytingane for 400,- kr. til Mads Eriksen Ellingsæter.

Med desse flytte ei slekt frå Storsæter som brukte der i nærare 120 år.

I 1863 – etter garddelinga – utgjorde åker og dyrka eng 20 mål. Årleg avling 10 t. blandkorn, 14 t. havre, 20 t. poteter, 80 lass høy. Dei fora 1 hest, 7 kyr, 2 kviger og 16 sauer. Frå århundreskiftet har garden vore mykje forbetra og framdriven til ein brukande leveveg. Ovannemde er dyresetnaden og avlinga på Bernt Larsen si gardhalve – br.nr. 1.

Så langt fram i tida kan vi for visst seie kven som sat med kvar av bruka på garden. Medan vi til nå har omtala Storsæter under eitt, skal vi i det etterfølgjande skilje bruka frå einannan.

Br.nr. 1

Skyld 1 dl. 2 ort 3 sk, skm. 1,69

1. *Ingebrigt Olsen Åsen*, Sunnylvn f. 1846–1935, g. 1867 med *Malena Jonsdtr. Langelandsbaug* f. 1846–1926.

Born:

- a) Ane Pernille Gurine f. 1868. G. 1897 med Rasmus Olsen Sætre, Tresfjord.
- b) Johan Andreas f. 1870. G. 1900 med Ingeborg Skramstad. Han står ikkje ført som eigar av garden, men det er ikkje tvil om at han hadde ansvaret for gardsdrifta saman med faren. Johan var ein framifrå dyktig arbeidsmann med bygningsarbeid som sitt hovudyrke, han var vidkjend for sitt gode handlag. I 1903 bygde han det staselege

stovehuset, gamlestova vart då seld og flytta bort. Stor, skifertekt løe sette han opp i 1906. I det heile ga han garden nytt «andlet», og tunet måtte vere eit særstyn i dei dagar. Sjølvlærd urmakar og sykkelreparatør var han og. Var ei tid over i Amerika, men kom attende til Storsæter. Flytte seinare til Skodjevågen med huslyd.

- c) Tomasine Olivia f. 1874. G. med Karl Indre Berg, Skodje.
- d) Ole Laurits f. 1877. Reiste til Amerika i 1898, g. med Johanne Olsen, Lundenes ved Harstad.

Jordbrukstellinga 1875: 1 hest, 1 okse, 7 kyr, 2 ungdyr, 5 geiter.

Utsed: 1 t. blandkorn, 3½ t. havre, 1½ t. poteter, 1/25 mål rotfrukter.

Samanliknar ein dei ymse oppdelingar og sal som Bernt Larsen gjorde, synest det som Ingebrigt høvesvis har betalt mykje for sin gardpart. Likevel var han mann for å bygge nye stovehus i 1885, ombygde og «betydeligt forbedret» i 1897. Garden vart driven godt i hans tid, og ny eng lagt til innmarka. 1875 skreiv han ut bygselkontrakt til Ingebrigt Olsen Gjørvad og kona på ein del av garden, med rett for bygseltakaren sine born til bygsel etter hans dagar. Ingebrigt selde garden til

2. *Andreas Olsen Vik*, Tomrefjord. Han tok over gard og hus i 1919 for 13 000,- kr. «Sykkelverkstedet medfølger ikke». Nå vart det ikkje lenge mellom kvart eigarskifte.

3. *Edvard R. Hole* tok over allereide i 1920 ved skøyte frå A. O. Vik. Han betalte då 22 000,- kr. Denne prisauken berre på eitt år veit vi ikkje årsaka til – kanskje følgde der buskap med i kjøpet. Den nye eigaren vart ikkje gammal i garden.

4. *Oskar Støversten*, Hornindal f. 1883–1969, g. 1912 med *Anna Lyngvoll*, Hornindal f. 1888–1964.

Born:

- a) Anders f. 1913. Eig nå.
- b) Rasmus f. 1918–1980. G. 1955 med Anna L. Emblemsvåg f. 1916. På slutten av 1950 åra flytte han saman med foreldra til Borgund prestegard og forpakta der. Seinare kjøpte han eit bruk i Breivik og dreiv med griseal. I ungdomen var han ein framifrå langrennsløpar.
- c) Ranveig f. 1920. G. 1944 med Jon William Ødegård, Ålesund, f. 1920 adm. direktør i M.J. Ødgård %. Bur i Ålesund.

- d) Ragnhild f. 1927. G. 1954 med elektrikar Ragnar Myren, Sande f. 1915–1964. Bur i Ålesund og arbeider i forretning. Ho er den einaste av borna som er fødd her på garden.

Det var nærast eit falittbu Oskar tok over og fekk skøyte på i 1922 for 11 000,- kr. Tidlegare pakta han på andre gardar og dreiv med geitehald. Hadde og vore over i Sverige ei tid. Då han flytte hit til ytre strok hadde han valet mellom Langesetbruket på Vadset og Storsætra. Den siste valde han grunna dei rikelege fjellbeita som høyrer til. Første tida dreiv dei med geit, men la om til kyr etter få år. For å drive geitene til beita på Baklia bygde dei klopp over Engeset-elva. I 1926 vart geitebuskapan slakta ned, i staden tok dei til med sølvrev som var meir lønsamt den tida. Då Oskar og huslyden kom hit hadde dei med både 5 kyr, hest og reiskap frå Hornindal. Då sonen tok over i 1958 flytte Oskar og kona saman med yngste sonen til Borgund prestegard.

4. *Anders Oskarsen Støversten* f. 1913, g. 1938 med *Aslaug Marie Pedersdtr.* Ekroll gnr. 63, f. 1912–1963.

Born:

- a) Astrid f. 1939. G. 1961 med Martin Helgemo, Horg Sør-Trøndelag f. 1930, er ingeniør. Ho er teleekspeditør. Bur i Vang, Hedmark.
- b) Turid Petrine f. 1940. G. 1961 med salgssjef Olaf Malvin Haugen, Hornindal f. 1935. Ho er fysiokjemikar, bur i Oslo.
- c) Oskar f. 1943. G. 1966 med Marit Ekstrand. Han er krigsskuleutdanna major, arbeider nå i det sivile som disponert i grossistfirma. Bur på Kløfta.
- d) Per Johan f. 1945. Har arbeidd ved meieri og har vore sveisar ved skipsverft, driv nå bruket saman med faren.
- e) Ruth f. 1949. G. med sivilingeniør Harry Oterholm, Tomrefjord f. 1947. Bur i Sarpsborg.
- f) Asbjørn f. 1955. Lege, utdanna i Dublin og Oslo.

I 1958 tok Anders over bruket. Han har jordbruket som heildagsyrke og er ein av dei få attverande mjølkprodusentane i bygda. Løa er tilbygd siloar i dei seinare åra, reidskapshus/garasje har han bygt og i tunet er opptømra eit lite stabbur. I bakken nord for stova har dei i 1983 dyrka mange mål jord. Dei er med i fordyrkarlaget som er i ferd med å kultivere omlag 300 mål beite i Storlia ved Engesetsetra. I tillegg har han og sonen dyrka omlag 80 da. på Skålsbakkane, fram mot Småliene.